

Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 21/808
ArkivID: K1-141, PLANID-202102
Saksbehandlar: Anne Karen Olsen

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/24	Kommunestyret	15.02.2024

Revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Utlegging til offentlig ettersyn og høyring

Vedlegg:

08.02.2024	Planomtale pr 08.02.24	246920
08.02.2024	Føresegner og retningslinjer pr 08.02.24	246923
08.02.2024	Plankart - lenke i dokumentet	246919
18.01.2024	Heilskapleg KU	245032
08.02.2024	Konsekvensutgreiing Øystre Slidre pr 08.02.24	246928
08.02.2024	ROS analyse KPA pr. 08.02.24	246925
23.06.2023	Vurdering av innspel	230600
16.06.2023	Vurdering av innspel del 1	230606
16.06.2023	Vurdering av innspel del 2	230605
26.06.2023	Vurdering av innspel med habilitet innspel 103 og 104	230598
23.06.2023	Vurdering av innspel med habilitet innspel 100	230597
23.06.2023	Vurdering av innspel med habilitet innspel 13	230594
25.01.2024	Notat - tillegg til sak 10/24 f.sk	245977
01.02.2024	Oppfølging av formannskapsmøtet 25.01.24 - revidering av KPA	246499
24.01.2024	Presentasjon av kart fra Nørre Garli	245887
24.01.2024	Skiløype	245888
24.01.2024	20231210 Nørre Garli - Planskisse	245889
24.01.2024	Brev 13 12 2023	245890
26.01.2024	Grønolslie - justert/ redusert innspill	246038
24.03.2022	Vurdering av habilitet ved KPA	201596
15.02.2024	Notat KPA-saka - arealrekneskap og plankart for Heggenes sentrum.	247307

Tilråding frå formannskapet

Kommunestyret legg arealdelen av kommuneplanen med plankart, føresegn og tilhøyrande dokument ut til offentlig ettersyn og høyring.

Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) blir revidert med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m.

Vi har i samband med denne revideringa slått saman kommunedelplanane for Beitostølsområdet og Gravfjellet med resten av kommunen til ein felles kommuneplan. Bakgrunnen for revidering av KPA er m.a. arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), slik at arealforvaltning i kommunen skjer i tråd med mål og føringar gitt i samfunnsdelen.

Hovudlinjene i arealpolitikken i Øystre Slidre er tufta på visjonen til kommunen om rein naturglede og på måla i samfunnsdelen om ein vekst i tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar på minst 1 % årleg og ei dobling av tal gjestedøgn. For å oppnå dette vil vi i arealpolitikken:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsføremål og bustadføremål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som kommunesenter og dei urbane kvalitetane i sentrum av Beitostølen
- Vere godt tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydlegare miljø- og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie utbygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt utbyggingsareal
- Etablere ei utbyggingsgrense (fjellgrense) som går gjennom heile kommunen der det ikkje vert opna for større utbyggingar utanfor utbyggingsgrensa.
- Ta ut utbyggingsområde for fritidsbustadar frå eksisterande kommuneplan/kommunedelplanar og tilbakeføre dette til LNF-område.

Saksutgreiing

Prosess:

Formannskapet vedtok den 21.10.2021 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, etter plan- og bygningsloven §11-12, og opna samtidig for innspel til kommuneplanen sin arealdel, med frist 1.februar 2022. Planprogrammet vart etter §11-13 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist for uttale 5.januar 2022. Planprogrammet til arealdelen vart fastsett i Øystre Slidre kommunestyre 17.02.2022 (11/22).

Gjennom planprosessen er reguleringsplanar gjennomgått og vurdert i høve til om dei framleis skal gjelde eller bør takast ut. Dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk skal konsekvensutgreiast, jf. plan- og bygningsloven §4-2.

Gjennom arbeidet med KPA er følgjande saker behandla i formannskapet:

24.03.2022 Habiliteten til kommunestyremedlemmar i samband med revidering av arealdelen til kommuneplanen (KPA) – dette vart avklara på bakgrunn av at det i samband med revideringa vil oppstå mange spørsmål om habilitet.

21.04.2022 KPA – næringsareal: Kommunedirektøren gjorde ei vurdering av tilgjengeleg næringsareal, avsett næringsareal og av innspel på næringsareal, og inviterer formannskapet til å drøfte dette temaet. Notatet med formannskapet sine vurderingar er lagd til grunn for det vidare arbeidet med KPA. Administrasjonen fekk i oppgåve å vurdere ei større utviding av Raudbrøtmoen og ei utviding av næringsområde ved Storefoss.

21.04.2022 KPA – Bustadbygging: Kommunedirektøren har vurdert tilgjengelege bustadtomter, område for utvikling av bustadtomter, og grep som kan frigjere regulerte områder for realisering. Formannskapet slutta seg til hovudlinjene i bustadstrategien med forbehold om at pkt. 2 og 3 bytta plass i bustadstrategien for Beitostølenområdet og at Klyppemyrhaugen vert prioritert framfor Stølsli IV.

25.05.2022 Vurdering av lokalisering av ny barnehagetomt: I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er eitt av punkta at kommunedirektøren skal sjå på lokalisering av ny barnehage. Administrasjon har gjort vurdering tilknytt tidlegare plassering ved Tingvang og ved det nye bustadfeltet ved Heranglie. Formannskapet slutta seg til vurderingane gjort i notatet om lokalisering av ny barnehagetomt ved Heranglie.

25.05.2022 KPA – Sentrumsutvikling: I arealstrategien til Øystre Slidre er det fasett at Heggenes skal utviklast som eit tydlegare kommunesenter. Beitostølen skal vidareutviklast som senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande. Det vart utarbeida eit sentrumsutviklingsnotat kor kommunedirektøren såg på renovasjon, parkering, meir kompakt utvikling, sikring av friområde, meir tilrettelegging for gåande og syklende. Formannskapet slutta seg til vurderingane gjort i notatet.

30.06.2022 KPA – Fritidsbustadnotat: Formannskapet slutta seg til vurderingane i fritidsbustadnotatet, men bad om at følgjande saker vert vurdert:

- Gravfjellet:

H1: Vurdere å ta ut delar av H1 (marginale areal, eksponerte areal).

H4: Vurdere å utvide areal avsett til rasfare/bratt område.

B1: Vurdere om B1 skal gjerast om til fritid

Vurdere omfanget av FT1 og naturleg avgrensing

- Javnlie:
Vurdere omfang av fortetting på 164.
Vurdere omfanget av 573, særleg området nærast stølsområdet. Konfliktdempande tiltak i høve til beitenæringa må vurderast uavhengig av omfanget på 573, noko som også gjeld andre nye utbyggingsområde.
- Størrtjednlie-området:
Sette frist til utbyggjarar/grunneigarar av Størrtjednlie-området om innan okt. 2022 å presentere realistisk og forpliktande plan for gjennomføring av områdeplan og utbygging av området. Dersom utbyggjarar/grunneigarar ikkje presenterer slik plan skal administrasjonen vurdere å ta ut heile eller delar av Størrtjednlie-området frå arealplanen og heller ta inn nye utbyggingsområde i KPA.

24.08.2022 Drøftingsnotat – renovasjon: Dei neste åra vil det bli meir fokus, men også strengare krav knytt til renovasjon og sortering av avfall. Dette gjer at enkelte renovasjonspunkt treng ei utviding. Det er også ynskje om få lagt fleire renovasjonspunkt under bakken. Det vil betre det estetiske uttrykket, men det er utfordrande å finne den typen areal, særleg i Beitostølen sentrum. Formannskapet slutta seg til vurderingane gjort i notatet.

22.06.2023 Vurdering av innspel – Administrasjonen sine vurdering av innspela vert presentert for formannskapet. Formannskapet slutta seg til tilrådingane kommunedirektøren har gjort, med følgjande endringar:

- Innspel 59, 88 og 89: Formannskapet finn forslaga interessante, men meiner forslagsstillarane må arbeide vidare med å:
- Kople føreslått løysingar for sti/løype til eksisterande sti/løype (Raud 1)
- Avklare det føreslåtte løypenettet mot løypenettet ved BHSS
- Vurdere nærleiken til næringsområdet
- Vurdere vegløyning mellom fv 51 og Beitestølsvegen.

Formannskapet vil ta stilling til innspelet når forslagsstillar har meldt tilbake på desse punkta.

- Innspel 61:Tillegg: Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere om delar av F9 kan nyttast til andre føremål enn renovasjon.
- Innspel 82: Områda L1, SP1 og store delar av SP2 skal vidareførast som i gjeldande kommunedelplan. Området S1, området sett av til skiløype om området av SP2 mellom skiløype og S1 skal setjast av til sentrumsføremål med krav om regulering. I føresegnene for området skal grøntkorridor nord-sør sikrast.

22.06.2023: I tillegg vart enkelte innspel vurdert som eigne saker der det var inhabilitet for einskilde medlemmar av formannskapet. Vi viser til vedlagd notat om habilitet som kommunestyret har handsama.

09.11.2023 Tilbakemelding sak internnummer 59. 88 og 89: Kommunedirektør tilrådte at innspelet om nye område for fritidsutbygging ikkje vert teke inn i planen. Kommunedirektøren tilrådte at ny kryssing av Bygdinvegen med sti- og løype og ny parkeringsplass med tilkomst, vert teke inn i planen. Denne hovudløypa mellom stadionområdet og Raud 1 skal planleggast med planfrie kryssar med køyreveg, jf. prinsippa omtalt i sak om sentrumsutvikling, f-sak 44/22. Formannskapet vedtok at innspelet om nye område for utbygging blir teken inn i planen. Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere forslaget til infrastruktur i innspelet og tilpasse denne slik at den ikkje kjem konflikt med beitenæringa og at den ivaretek prinsippa om god tilrettelegging for alle i hovudnettet for stiar og løyper, jf. sak om sentrumsutvikling.

09.11.2023 Renovasjon: Formannskapet vedtok at returpunkt i Beitostølen sentrum vert innarbeidd i plankartet i samsvar med innspelet frå VKR.

09.11.2023 Natur-, kultur og landskapsanalyse for områda H1, H4 og FT1 i KDP for Gravfjellet: Formannskapet slutta seg til dei tilrådingane som er gjort i saka og i vedlegget til saka, utanom for området H1 i Gravfjellsplanen. For området H1 bad formannskapet kommunedirektøren vesentleg redusere området som vert teke ut.

Dei vedtaka som formannskapet har gjort i møta referert over er innarbeidd i planframlegget.

Andre innspel eller tilbakemeldingar:

Det har i KPA-prosessen også kome inn andre innspel som administrasjonen har meldt tilbake på har kome for seint til å bli handsama. Det har også kome tilbakemeldingar frå forslagsstillarar på vedtak som formannskapet har gjort. Kommunedirektøren kan orientere om desse tilhøva i formannskapsmøtet/kommunestyremøtet om det er ønskeleg.

Planføresegner:

Planføresegnene er eit juridisk bindande dokument som omtalar reglane og retningslinjene for arealbruk i kommunen. Dette dokumentet vil ligge til grunn for handsaming av framtidige reguleringsplanar og byggesaker m.m. Føresegnene fastset til dømes reguleringsplankrav, innhald i utbyggingsavtaler, VA-krav, rekkefølgekrav, byggegrenser, klima og miljø og omsynssoner, jf. pbl § 11-11. Reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken vil gjelde framfor kommuneplanen, jf. pbl. § 1-5 andre ledd.

Plankart: Lenke til plankart er vedlagt i saka. Plankartet er lite leseleg før det blir gjort digitalt i samband med høyring av planen. Vi vil gå gjennom plankartet i møtet og svare på spørsmål. Plankartet vil bli offentleggjort på kommunen si nettside/kartside når planen vert lagd ut på høyring (<https://oeystreslidre.kommunegis.no/>).

Planomtale: Dette dokumentet viser hovudlinene i forslaget til KPA og er forklarande tekst til føresegner og retningsliner og plankartet. Dokumentet er meir «lesarvenleg» enn føresegner/retningsliner/plankart. Arealrekskapen som skal følgje med i planomtalen vil bli presentert i formannskapsmøtet og innarbeidd i planomtalen i etterkant.

Konsekvensutgreiing:

Dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk skal konsekvensutgreiast, jf. plan- og bygningsloven §4-2. Alle framlegg til nye område som er teke inn i planen er konsekvensutgreidd i eige dokument. I tillegg er det laga ei samla konsekvensutgreiing.

ROS:

Framlegg til arealbruksendringar er risiko- og sårbarheitsvurdert (ROS) i eige vedlegg.

Tilgang til dokumenta i saka

Alle høyringsdokumenta i saka er lagd på nettsida til kommunen her:

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/tjenester/plan-bygg-eigedom-og-teknisk/finn-planar/arealplanar-reguleringsplanar-under-arbeid/kommuneplanen-sin-arealdel-kpa.12795.aspx>

I tillegg ligg drøftingsnota og andre underlagsdokument i saka på same side.

Medverknad i høyringsprosessen

PBL set følgjande krav til medverknad ved høyring av KPA:

§ 11-14 Høring av planforslag

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn, kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse og eventuelt å fremme innsigelse til kommuneplanens arealdel skal være minst seks uker.

§ 5-4 Myndighet til å fremme innsigelse til planforslag

Berørt statlig og regionalt organ kan fremme innsigelse til forslag til kommuneplanens arealdel og reguleringsplan i spørsmål som er av nasjonal eller vesentlig regional betydning, eller som av andre grunner er av vesentlig betydning for vedkommende organs saksområde.

Andre kommuner kan fremme innsigelse mot forslag til slike planer i spørsmål som er av vesentlig betydning for kommunens innbyggere, for næringslivet eller natur- eller kulturmiljøet i kommunen, eller for kommunens egen virksomhet eller planlegging.

Sametinget kan fremme innsigelse mot slike planer i spørsmål som er av vesentlig betydning for samisk kultur eller næringsutøvelse.

Dersom planforslaget er i strid med bestemmelser i loven, forskrift, statlig planretningslinje, statlig eller regional planbestemmelse, eller overordnet plan, kan det fremmes innsigelse.

Innsigelse skal fremmes så tidlig som mulig og senest innen den frist som er fastsatt for høringen av planforslaget. Innsigelse skal begrunnes. Innsigelse fra statlig og regionalt organ skal være begrunnet i vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer.

I tillegg til ordinær høyring av dokumenta vil kommunedirektøren tilrå følgjande medverknadstiltak:

1. Det vert gjennomført møte der administrasjonen orienterer om framlegg til KPA og der deltakarane vert invitert til å kome med sine synspunkt på framlegget, med eit møte for kvar målgruppe:
 - møte med råda (ungdomsrådet, eldrerådet, rådet med personar for nedsett funksjonsevne)
 - møte med næringslivet (Øystre Slidre næringsforeining, Beitostølen Utvikling BA, landbruket ved Øystre Slidre Bondelag og Øystre Slidre Bonde og Småbrukarlag)
 - møte med hyttelaga
2. Formannskapet gjennomfører eit opne høyringsmøte, der dei interesseorganisasjonane, forslagsstillarane, innbyggjarane/deltidsinnbyggjarane m.v. som ynskjer å gje uttrykk for sine synspunkt på planen vert gjeve høve til det. Dei som ynskjer å delta på møtet melder seg på og får tildelt ei tidsramme for si høyring. Høyringsmøtet vert ikkje referert og erstattar ikkje dei skriftlege tilbakemeldinga på framlegget til KPA.

Formannskapet 25.01.2024:

Behandling:

Formannskapet slutta seg til tilrådingane i notat frå kommunedirektøren, sendt ut 24.1.24.

Formannskapet ber kommunedirektøren før handsaming i kommunestyret:

- ta ut bustadområdet Milobakken
- ta ut den delen av Luskeråsen der det er kartlagd viktige naturtypar
- vurdere innspelet for Nørre Garli på nytt
- vurdere områda A4, A5 og A7 i Gønslie på nytt
- vurdere omsynssone landbruk i området sør for Robølsvegen.

Planomtale og Føresegner og retningslinjer vert retta i samsvar med innspela som kom i møtet. Vi viser til vedlagd notat med vurdering etter handsaminga av saka i formannskapet.

Det vert ekstra kommunestyremøte for handsaming av saka 15. feb. kl. 9.00. Møtet 8. feb. vert nytta til orientering om innhaldet i KPAen.

FS- 10/24 Vedtak:

Kommunestyret legg arealdelen av kommuneplanen med plankart, føresegn og tilhøyrande dokument ut til offentlig ettersyn og høyring.

Kommunestyret 15.02.2024:

Behandling:

Kommunedirektøren la fram notat med bl.a oppdatert arealrekneskap (lagt ved som vedlegg i denne saka).

Kommunedirektøren opplyste om at ev. endringar vedteke i møtet vil lagt inn på nynorsk i dei aktuelle dokumenta.

Følgjande framlegg til endring av føresegnar og retningslinjer, planomtalen og plankart vart fremja i møtet, og med følgjande resultat ved avstemminga:

Nicolay Flaaten (Ap)

Forslag 1

Under punkt 2.2.4 «Sikre tilgang på næringsområde» side 10 i planomtalen - tillegg:

Vi skal legge tilrette for næringsareal for naturbaserte opplevingsbedrifter som trenger areal for sin virksomhet som ligger tett på naturen/fjellet.

Samrøystes vedteke.

Forslag 2:

Under punkt 3.2 Næring i planomtalen side 25 - tillegg

Verksemder som driver naturbaserte aktiviteter og opplevelser for turistformål som trenger å ligge tett på fjellet og naturen med tilgang til løyper, stier hvor de kan utøve sin virksomhet på en forsvarlig og trygg måte med faste og flyttbare installasjoner

Samrøystes vedteke.

3.2.1.4 Nytt punkt - område ved Selstølen - tillegg

Ved Selstølen på F/T2 og P1 er det avsatt næringsareal for naturbaserte aktiviteter med turistformål samt parkering. Dette arealet ligger tett på hundeløyper og skiløyper på vinter og har helårsveg helt fram og er godt egna for turistformål, samtidig som man må ta hensyn til tamrein og beitedyr i kortere perioder av året. Arealet har god adkomst for transport av besøkende, og det er også kort reisevei til Heggnes sentrum med handel og boliger. Det er også innenfor god rekkevidde fra Beitostølen.
Samrøystes vedteke.

Under punkt 4.9 Næring i føresegn og retningslinjer side 18 - nytt punkt 4.9.3

4.9.3 Naturbaserte aktiviteter for turistformål

Det skal leggest tilrette for næringsareal for naturbaserte aktivitetar med turistformål, enkel overnatting og servering. Det kan etableres faste og flyttbare installasjoner. For næringsareal uten VVA i nærleiken skal det kunne leggest tilrette for lukka anlegg eller forsvarleg reining av avløp. Det legges opp til høg utnytting av areal for å legge tilrette mest mulig næringsverksemd innanfor området og fortette.

Området F/T2 og P1 ved Selstølen er egnet areal for etablering av naturbasert turistverksemd

Samrøystes vedteke.

Morten Steinsrud (Sp)

Punkt 4.5 Fritids og turistforemål -utleieplikt- ny tekst:

I området regulert for fritids og turistformål er det etter plan og bygningsloven en utleieplikt. Det er et mål at disse blir benyttet til «varme senger». Denne bestemmelsen har vært liberalt praktisert i kommunen og kommunen ønsker å fortsette den praksis til bestemmelsen om krav til utleie inntil videre, da en strengere praksis kan få konsekvenser vi ikke kjenner virkningen av.

Samrøystes vedteke.

Mette Christiansen (Ap)

Endring av punkt 5.3.5 i føresegnene

Maksimal utnytting er 90m2 BYA . Einskilde bygg skal ikkje vera større enn 70m2BYA i områder som har hatt denne ordninga tidlegare.

TILLEGG; Maksimal utnytting i andre områder er 110 m2 BYA(90+20). Einskilde bygg skal ikkje vera større enn 90 m2 BYA.

Administrasjonen får fullmakt til å innarbeide dette i plandokumenta.

Samrøystes vedteke.

One Granli Enerud (Sv)

Føresegn og retningslinjer

1.4 Vatn og avlaup - tillegg

Det tillates ikke ytterligere utbygging før det er tilstrekkelig drikkevann og tilstrekkelig renskapasitet for avløp for ny fritidsbebyggelse (PBL §27-1 /27-2)

Forslaget fekk 5 røyster (3 Sv, 2 V) og fall.

1.9.1 Myr/karbonrike areal - tillegg

Nedbygging av myr for utbyggingsformål er ikke tillatt.

Myr er arealer med myrvegetasjon og torvdannelse. Som nedbygging regnes alle tiltak som kan reduserer eller forringer myra. Dette omfatter grøfting og andre tiltak som endrer vannbalansen i jorda, utfylling, lagring av masser og andre tiltak som reduserer myras økologiske funksjon eller funksjon som karbonlager. Som utbyggingsformål regnes etablering av bygninger, veier, anlegg og andre innretninger.

Forslaget fekk 5 røyster (3 Sv, 2 V) og fall.

1.9.2 Økosystemer og rødlistet – ny tekst

Naturmangfoldloven skal være førende. Eksisterende naturområder og økosystemer skal ivaretas og styrkes. Forbedringstiltak, herunder muligheter for naturrestaurering, skal vurderes og gjennomføres.

I områder hvor det er registrert naturverdier med nasjonal verdi tillates ikke tiltak som kan forringe naturverdiene. I områder hvor det er registrert naturverdier med regional verdi skal det foreligge særlige grunner for å tillate tiltak som kan forringe naturverdier. I områder hvor det er registrert naturverdier med lokal verdi skal tiltak som kan forringe naturverdiene søkes unngått.

Forslaget fekk 6 røyster (1 Ap, 3 Sv, 2 V) og fall.

4.4 Sentrumsområda – ny tekst

I forslaget: «Furustrand skal bevarast og utviklast som det sentrale friområdet.»

Endring: «Furustrand skal bevarast og utviklast som eit sentralt friområde og ein møteplass.

Mest mogleg av området sin eigenart, derunder vegetasjon og landskap, skal bevarast.»

Forslaget fekk 14 røyster 6 Ap, 3H, 3 Sv, 2 V og skal innarbeidast i planutkastet.

Mats Gimming Myhre (Sv)

Planomtale 2.2.1 – ny tekst

Alle områder med registrerte truede arter skal reguleres til "5100 - LNFR" og tilknyttes tilstrekkelige randsoner som sikrer de truede artene gode levevilkår.

Forslaget fekk 9 røyster 4 Ap, 3 Sv, 2 V og fall.

Punkt 2.3 – ny tekst

Tabellane under viser dei område i kommunen der større endringar i areal disponeringar er gjort. Det er tilbakeført samla 2 577 dekar frå utbyggingsføremål til LNFR, medan er teke i bruk 937 dekar LNFR-område til utbyggingsføremål. Samlet sett er det nå satt av 13 694 dekar, en nedgang på 1 639 dekar i denne arealplanen. Det arealet som vert tilbakeført til LNFR-område er i det vesentlege område for fritidsbustader eller areal som er knytt til det føremålet.

Forslaget fekk 17 røyster 6 Ap, 4 Sp, 2H, 3 Sv, 2 V og skal innarbeidast i planutkastet.

Planomtale 3.1.8.5 – nytt punkt

Alle områder regulert til nåværende eller fremtidig fritidsbustad skal ha tilgang til nære naturopplevelser. Ved fortetting i eksisterende områder regulert til fritidsbolig skal det tilrettelegges for nære naturopplevelser. Ved fortetting i eksisterende hytteområder skal naturhensyn ha første prioritet.

Forslaget fekk 10 røyster (5 Ap, 3Sv, 2 V) og skal med ordføraren si dobbeltrøyst innarbeidast i planutkastet.

Planomtale 3.1.8.2 – ny tekst

Øystre Slidre kommune skal sørge for at det gjennomføres en utredning av naturtyper og kartlegging av arter i alle områder som reguleres til "1200 - Fritidsbebyggelse - Fremtidig".

Dette skal gjennomføres av godkjent uavhengig virksomhet for slikt formål.

Forslaget fekk 5 røyster (3 Sv, 2 V) og fall.

Nina Espeseth Grønnebrekk (Sv)

1.8 i føresegner og retningslinjer, avsnitt 2 strykes.

Samrøystes vedteke.

Trond Rogne (V)

Fortetting blir definert under desse to punkta - tillegg:

1.10 Føresegner:

3.1.8.5 Planomtala

Fortetting: oppdeling av eksisterande tomter slik at ein får minst to bustader/hytter på to tomter der det før var ei. Eller så kan det vera at ein utvidar eksisterande bygnadar til å bli f.eks. tomannsbustadar.

Forslaget fekk 6 røyster (2H, 2 Sv, 2 V) og fall.

Tor Oxhøvd (H)

Føresegn 1.9 retningslinje endres til "skal som utgangspunkt unngåast, men vurderast i kvart tilfelle."

Forslaget fekk 13 røyster (4 Ap, 5 Sp, 4H) og skal innarbeidast i planutkastet.

Pkt 5.1 kultpkt 8 om skulebuss endres til " i rimelig nærheit til stoppestad"

Samrøystes vedteke

Forslag endring av plankartet

Mette Ckristiansen (Ap)

Område på Garli nord skal ligge som parkering og friområde.

Halvor Beito Øverby opplyste at han er medeigar selskapet som er grunneigar i området. Ole

Birger opplyste at far hans er medeigar i selskapet som er grunneigar i området.

Kommunestyret fann Halvor og Ole Birger inhabile. Ikkje møtande vararepresentantar.

Forslaget fekk 10 røyster (6Ap, 3 Sv, 1 V) og skal innarbeidast i planutkastet.

One Granli Enerud (Sv)

Tillegg i planomtalen – Luskeråsen/ending av plankart:

Luskeråsen hytteområder er grundig kartlagt for naturtyper og rødlistede arter etter forrige KPA. Sommer og høst 2023 ble det foretatt to naturtypekartlegginger i området, begge i henhold til Miljødirektoratets mal og retningslinjer. Det er klassifisert tre naturskoger av høy kvalitet med 350 år gamle trær, nøkkelbiotoper og en rekke rødlistede arter i naturskogene og i tilgrensede områder til disse. Naturskogene ligger over tusen moh. Disse naturskogene, samt noen tilgrensende arealer med rødlistede arter og buffersone mot særlig verdifulle myrområder og nøkkelbiotoper overføres til LNFR i tråd med vedlagte kart.

KPA Plankart oppdateres i henhold til dette vedtaket.

Forslaget fekk 8 røyster (3 Ap, 3 Sv, 2 V) og fall.

Nina Espeseth Grønbrekk (Sv)

Den føreslegne utvidinga av næringsarealet på Raudbrøtmoen blir redusert slik kartet under viser. Den gamle idrettsplassen og natur- og rekreasjonsområdet som inngår i den føreslegne utvidinga (markert med grøn skravur) held fram som LNFR-område i ny arealdel.

I føresegna for næringsarealet skal det stå: Ved regulering av nytt næringsareal skal det sikrast ein eller fleire grøne «korridorar» frå bustadområda rundt og inn i LNFR-området.


Forslaget fekk 6 røyster (1 Sp, 3 Sv, 2 V) og fall.

I Heranglie blir den delen av bustadområdet som ikkje er regulert tilbakeført til LNFR (markert med grøn skravur i kart under).

Forslaget fekk 5 røyster (3 Sv, 2 V) og fall.

Natur- og rekreasjonsområdet i tilknytning til Vinda og Haukhovdhøvda vert avsett som LNF området markert med omsynssone friluftsliv. Dette er for å sikre og løfte fram området som eit viktig friluftsområde.

Forslaget fekk 11 røyster (5 Ap, 1 Sp, 4H, 3 Sv, 2 V) og skal innarbeidast i planutkastet.



One Granli Enerud (Sv)

Administrasjonen får fullmakt til å vurdere utbyggingsgrensa, og sørge for at denne ligger mest mulig naturlig, ikke går midt i vann osv.

Forslaget fekk 12 røyster (6 Ap, 1 Sp, 3 Sv, 2 V) og vedteke.

Tor Oxhovd og Morten Steinsrud la på vegne av H/Sp fram følgjande forslag: Tor og Morten la på vegne av H/Sp fram følgjande forslag:

Beitostølen sør på nedsida av Bygdinvegen legges inn som kombinert bebyggelse og anlegg i kartet.

Samrøystes vedteke.

Trond Rogne (V)

Ta ut Liahøvda frå plankartet.

Forslaget fekk 6 røyster (1 Ap, 3 Sv, 2 V) og fall.

Ta ut av Rolistølen frå plankartet.

Forslaget fekk 5 røyster (3 Sv, 2 V) og fall.

SV fremmer forslag om å endre grensen for sentrumskjernen slik at Størrtjednlie inngår i vanlig sentrumsgrense. Grensen settes til det smaleste punktet i sentrumskjernen.

Halvor opplyste at mor hans er grunneigar innafor Størrtjednlie-området, og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann Halvor inhabil. Ikkje møtande vararepresentant.

Forslaget fekk 4 røyster (3 Sv, 1 V) og fall.

Til slutt vart det røysta over tilrådinga.

Kommunestyret legg arealdelen av kommuneplanen med plankart, føresegn og tilhøyrande dokument ut til offentleg ettersyn og høyring, med dei endringane som vart vedteke i møtet.

Samrøystes vedteke.

KS- 09/24 Vedtak:

Kommunestyret legg arealdelen av kommuneplanen med plankart, føresegn og tilhøyrande dokument ut til offentlig ettersyn og høyring, med dei endringane som vart vedteke i møtet.